

Turistskip i kø gjennom Storsund i kveld

24.05.2016



MS Balmoral

Så langt vi kjenner til har det aldri før gått to turistskip gjennom Storsund med berre ein halv times mellomrom.

Begge skipa kom frå Eidfjord og valde gå indre leia forbi Uskedalen kring klokka 22.



MS Deutschland

Fyrst kom Fred Olsen sin BALMORAL, ei velkjend skute i Storsund. Cruisebåten er 43000 tonn, 217 meter lang og er bygd i 1988. Fred Olsen sine turistskip er til vanleg kvite i skutesida. No er fargen skifta til mørk blå. BALMORAL var ein kort tur innom Maurangerfjorden ved Furebergfossen før den tok leia framom Rosendal og inn Storsund.

Straks etter kom ei anna kjend skute, DEUTSCLAND, 22000 tonn, 175 meter lang og bygd i 1998. Dette turistskipet har tidleg i dag gjesta Leirvik på Stord før turen gjekk inn Hardangerfjorden. Neste hamn er

Newcastle.

Begge disse skipa har Bahamas flagg.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Frode Sæbøe

Nett: Thor Inge Døssland